



---

Arkivsak-dok. 23/01501-1  
Saksbehandler Silje Beate Sylte

Utval  
Formannskapet

Møtedato  
15.06.2023

Utvalsak

---

## Høring - Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgode i Vestnes kommune

### Ad Hoc – Politisk organisering si innstilling:

Formannskapet legg forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgode i Vestnes kommune ut til høring med høyringsfrist 14. juli 2023.

### Saksopplysninger

#### Bakgrunn:

Ad Hoc – politisk organisering har gjennom sitt arbeid utarbeidd forslag til forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgode i Vestnes kommune. Det er kommunestyret sjølv som skal vedta forskrifta, jf. kommuneloven § 8-3 og det er det sittande kommunestyret som gjer vedtak om neste valperiode si godtgjersle.

Utvalet har samanlikna korleis godtgjersle blir utrekna i ulike kommunar. Utvalet vil tilrå at ein held fram med hovudtrekka frå dagens reglement, der satsane baserer seg på grunnbeløpet i folketrygda (G) og prosentar eller promillebeløp ut frå ordførargodtgjersle. Vurderinga baserer seg på tilbakemeldingar frå andre kommunar om kva ressursbruk andre utrekningsmetodar inneberer i høve administrasjon av utrekningar, oppfølging og utbetalingar.

Utvalet har samanlikna godtgjerslesatsar med andre kommunar. Utvalet vil foreslå å justere opp nokre av promillesatsane. Dei vil og foreslå at medlemmar i representantskap/styre der ein ikkje får utbetalt styregodtgjersle vil kunne krevje møtegodtgjersle frå kommunen.

Innhaldet i forskrifta er elles jamt over det same som i gjeldande reglement om godtgjering til folkevalde i Vestnes.

#### Vurdering

Ei auke i godtgjerslesatsane vil kunne innebere ei kostnadsauke på om lag 170.000 kr. pr. år. Ein har her ikkje rekna med utgifter til Ad Hoc-utval, representantskap og brukarutval då ein her ikkje har særleg

samarbeidsgrunnlag og at det er stor variasjon i både talet på utval (Ad Hoc), talet på møter i representantskap/styre og at brukarutvala enno ikkje er i gang.

Utvalet vil tilrå at forslag til forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgode i Vestnes kommune blir lagt ut på høyring med høyringsfrist 14. juli 2023. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om forskrifta i sitt møte i september.

## **Vedlegg**

Utkast - Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgode i Vestnes kommune

## **Særutskrift:**